

STORDAL KOMMUNE


# Stordal kommune

---

## Årsmelding 2016

*Stordal kommune - der folk trivst!*

31.03.2017



*Årsmelding med hovudtal frå rekneskapen*


## Innhald

Stordal kommune – organisering .....	3
Politisk organisering .....	3
Administrativ organisering .....	4
Politiske og administrative endringar i 2016.....	5
Organisasjon og medarbeidarar .....	6
På personalområdet har følgjande tema vore hovudfokus i 2016: .....	6
Rekneskapsmessig resultat 2016 .....	8
Økonomiske hovudtal .....	8
Rekneskapskjema 1A - drift .....	10
Rekneskapskjema 1 B - drift.....	11
Rekneskapskjema 2A – investering.....	11
Rekneskapskjema 2 B – investering.....	13
Utdrag av Stordal kommune sin rekneskap for 2016.....	15
Rammeområde 1 Sentraladministrasjonen .....	19
Rammeområde 2 Oppvekst og kultur .....	21
Andershaugen barnehage .....	22
Stordal skule - grunnskulen, SFO, kulturskulen og vaksenopplæringa .....	23
Kulturområdet .....	25
Kulturkontoret - kulturkonsulent .....	25
Stordalshallen .....	28
Stordal bibliotek .....	29
Folkehelsekoordinator .....	31
Billedtekst: Frå aktiviteten I LAG, pensjonistar og småskuleborn lagar seljefløyte .....	33
Stordal ungdomsråd .....	33
Stordal ungdomsklubb .....	34
Rammeområde 3 Helse og omsorg .....	37
Omsorgstenesta .....	37
Legeteneste, jordmorteneste, helsestasjon og psykisk helseteneste .....	40
Rammeområde 6 TSSN – Etat for tekniske tenester, plan og utvikling .....	41
Rammeområde 9 – Finansinntekter/finansutgifter .....	44
Vedlegg .....	46
Vedlikehald bygningar - enkel tilstandsvurdering av bygningsmassa.....	46




## Stordal kommune – organisering

### Politisk organisering



## Administrativ organisering



## Politiske og administrative endringar i 2016

### Administrasjon

Stillinga som etatsjef for personal og dagleg tenesteyting/assisterande rådmann har stått vakant heile 2016. Stillinga som assisterande rådmann vart lyst ut på slutten av året, og Ingvild Nergård Hattrem vart tilsett som assisterande rådmann på kommunestyremøte i januar 2017. Ho tek til i stillinga 1. mai 2017.

Hausten 2016 har det vore vakanse i stillinga som etatsjef for plan og tekniske tenester/TSSN. Einar Lied har eit års permisjon frå si stilling, og Trond Alstadsæter er derfor konstituert som teknisk sjef fram til september 2017.

Rektor på Stordal skule, Bjørnar Midtbust, fekk permisjon frå si stilling frå og med august 2016. Han søkte seg til nye arbeidsutfordringar etter 20 år som rektor og heile 35 år i Stordal kommune. Han har seinare også sagt opp stillinga si.

På servicekontoret gjekk to tilsette av med pensjon til sommaren 2016, Norunn Viset Busengdal og Randi Vestre. Norunn Viset Busengdal hadde då vore tilsett i organisasjonen heilt sidan Stordal kommune vart eigen kommune i 1973.

Stordal kommune er svært takksam for det arbeidet som desse personane har lagt ned gjennom mange års arbeid i organisasjonen.

Uansett har alle dei nemnde endringane prega administrasjonen i det året som har gått. Mange erfarne personar har gått ut av organisasjonen, og andre har kome inn i nye roller. På kort sikt er det utfordrande at så mange leiarar og sentrale tilsette må sette seg inn i nye arbeidsområde samstundes. Kontinuitet vert broten, og mykje skal lærast på kort tid.

### Kommunereform

Stordal kommune har også i 2016 arbeidd mykje med kommunereformarbeidet, både administrativt og politisk.

Våren 2016 deltok Stordal kommune i to parallelle forhandlingar som begge resulterte i underskrivne intensjonsavtaler for kommunesamanslåing:

- Landkommunealternativet med arbeidstittel Storfjord kommune, med kommunane Norddal, Skodje, Stordal og Ørskog.
- Regionkommunealternativet Ålesund kommune, med kommunane Giske, Haram, Hareid, Sandøy, Skodje, Stordal, Sula, Sykkylven, Ørskog og Ålesund.

### Rådgjevande folkerøysting

19.mai 2016 vart det halde rådgjevande folkerøysting med grunnlag i dei framforhandla intensjonsavtalane. Den rådgjevande folkerøystinga var lagt opp med to hovedalternativ; ja til kommunesamanslåing og nei til kommunesamanslåing. Både på ja- og nei-setlane vart det spurt om kva samanslåingsalternativ ein ville rå til dersom det vart fleirtal for kommunesamanslåing - landkommune eller regionkommune.

Frammøteprosenten i den rådgjevande folkerøystinga var på 48,5% - 399 av 822 med røysterett (16 år og oppover) i kommunen deltok.

Resultatet vart slik:

	JA til samanslåing		NEI til samanslåing	
	Stemmetal	%	Stemmetal	%
	175	43,8%	215	53,9%
Tilråding dersom det vert fleirtal for kommunesamanslåing:				
Landkommune	137		158	
Regionkommune	33		8	
Blank/ikkje avkryssa	3 / 2		33 / 16	

#### Vedtak og vidare forhandlingar:

Kommunestyret behandla spørsmålet om kommunesamanslåing i juni 2016.

Kommunestyret gjorde då slikt vedtak (KS-065/16):

«Stordal kommunestyre vel å følgje resultatet frå den rådgjevande folkerøystinga, og gjer følgjande vedtak:

1. Stordal kommune skal halde fram som eigen kommune.
2. Dersom dette alternativet vert sett til side etter fylkesmannen si tilråding/Stortinget si avgjerd, skal noverande Stordal kommune inngå i ein ny landkommune saman med ein eller fleire av kommunane Ørskog, Norddal og Skodje, jamfør inngått intensjonsavtale.»

Etter at vedtak var gjort i fleire kommunar vart det klart at Skodje, Sandøy og Ålesund kommunar ville slå seg saman. I oktober bestemte kommunestyret at Stordal kommune ville ta initiativ til vidare forhandlingar om samanslåing med Norddal og Ørskog kommunar. Ørskog kommune på si side tok opp att forhandlingar med regionkommune Ålesund, medan Stordal og Norddal gjekk vidare med forhandlingar seg imellom.

Desember 2016 underteikna ordførarane i Norddal og Stordal kommunar ny intensjonsavtale om samanslåing av dei to kommunane frå 01.01.2020.

Denne avtalen vart behandla i begge kommunestyra i januar 2017. Begge kommunestyra har no gjort vedtak om at Norddal og Stordal kommunar skal samanslåast. Dette vert behandla endeleg i Stortinget våren 2017.

*Bilde: Framside av intensjonsavtalen Storfjord kommune, des 2016*

## Organisasjon og medarbeidarar

På personalområdet har følgjande tema vore hovudfokus i 2016:

- Inkluderande arbeidsliv
- Arbeidsmiljøutval/Helse, miljø og sikkerhet (HMS)

#### Inkluderande arbeidsliv

I 2014 etablerte Stordal ein samarbeidsavtale med NAV Arbeidslivssenter om eit meir inkluderande arbeidsliv (IA-arbeid). IA-avtalen inneber at Stordal kommune skal ha delmål innan satsingsområde som redusert sjukefråvær, personar med redusert funksjonsevne og auka avgangsalder.

#### Sjukefråvær

Stordal kommune ønskjer å redusere sjukefråværet. Samstundes vert det arbeid førebyggjande med å redusere langtidssjukefråvær og hindre utstøyting og fråfall i arbeidslivet. I 2015 vart sjukefråværet 8,3%. I 2016 gjekk sjukefråvær opp til 9,6%. Sjukefråværet i enkelte einingar er for høgt, (med bakgrunn i langtidssjukefråvær) og arbeidet med å redusere fråvær vert fortsett viktig framover.

Fråvær frå arbeidsplassen er eit komplekst felt som vert bestemt av mange ulike faktorar som påverkar kvarandre.

For å begrense risiko for skade og sjukdom som skuldast forhold på arbeidsplassen, fekk våre medarbeidarar innan helse og om omsorg (Sjukeheim, Heimeteneste og Buteneste) tilbod om å delta kurs i stressmestring (En hverdag i balanse) som vart gjennomført i regi av Bedriftshelseteneste.

#### Personar med redusert arbeidsevne

Ved hjelp av NAV Arbeidslivsenter ønskjer kommunen å legge til rette slik at tilsette med redusert funksjonsevne kan kome raskare attende i jobb. Vidare har kommunen i samarbeid med NAV hatt personar til utprøving av arbeids- og funksjonsevne.

#### Pensjon

I 2016 har 3 tilsette gått av med pensjon (alder/AFP).

**Merknad [INH1]:** Eva, er dette rett?

#### Helse, miljø og sikkerheit (HMS)

Stordal kommune har som mål å vere ein arbeidsplass der medarbeidarane opplever arbeidet som helsefremmande, meningsfylt og trygt. Eit systematisk HMS-arbeid skal bidra til dette.

Arbeidsmiljøutvalet (AMU) arbeider for å sikre eit forsvarleg arbeidsmiljø. Arbeidsgjevar og arbeidstakar er representert i utvalet. I 2016 var det arbeidsgjevarsida som hadde leiarsfunksjonen i AMU, og ordførar var leiar for AMU dette året. AMU hadde 2 møter i 2016. Bedriftshelseteneste (Stamina) møter som rådgjevande organ i AMU.

Verneombod er viktige medspelarar i arbeidet for at arbeidsmiljøet i organisasjonen stadig skal bli betre. For å kunne jobbe meir systematisk for eit godt arbeidsmiljø, vart det etablert faste møtefora for verneombod. Hovudverneombod har møte med personalleiar kvar veke for å drøfte aktuelle saker. I tillegg har hovudverneombod eige møteverksemd med alle plassverneombod, der rådmann si stab er også representert.

Hovudverneombod har fått utvida stillinga si til å kunne avsette fast tid til å gjennomføre oppgåvene som er knytt til verneombodarbeid.

Hovudfokus innan HMS-arbeid i 2016 har vore gjennomføring av vernerunde i kvar avdeling. Bedriftshelseteneste var med på vernerunde både i Andershaugen barnehage, innan Buteneste for yngre tenestemottakarar og på Stordalstunet.

#### Likestilling

Stordal kommune sin lønspolitikk har som mål å stimulere til initiativ, auka ansvar, god bruk av ressursar og lik løn uavhengig av kjønn.

Vi legg vekt på:

- Rekruttere leiarar og personale med ønska kompetanse
- Gje løn for tilleggskompetanse som kommunen har bruk for
- Gje løn for utvida ansvar
- Verdsetjing av innsats/måloppnåing
- Fokus på moderate skilnader
- Lik løn for likt arbeid

Kommunen ønskjer å sikre like moglegheiter til sjølvutvikling, karriere og familieliv. Løn for likt arbeid skal være lik.



Innan dei typiske kvinneyrka slit vi med å rekruttere menn. Dette gjeld særleg innan pleie og omsorg og i barnehagen.

#### Etikk

Stordal kommune har eigne «Ethiske retningsliner for folkevalde og tilsette». Alle nytilsette og nyvalde politikarar vert gjort kjent med reglementet.

#### Kontroll

Stordal kommune har utarbeidd eiga HMS-handbok (helse, miljø og sikkerhet) for internkontroll, som dannar grunnlaget for kommunen sitt HMS-arbeid.

Gjennom eit aktivt og systematisk HMS-arbeid ønskjer kommunen å førebygge ulykker og helseskader, og bidra til å skape trivsel på arbeidsplassen. Hovudfokus i 2016 har vore vernearbeid og gjennomføring av vernerunde på kvar avdeling, samt utarbeiding av arbeidsplan som oppfølging av dei lokale vernerunde. Bedriftshelseteneste deltok vernerunde innan Omsorg, Buteneste og barnehage.

Avvik vert brukt om forhold som ikkje samsvarar med krav i lover og forskrifter for HMS, instruksar og prosedyrer. Nødvendige tiltak skal setjast i verk ved registrert avvik for å hindre gjentakning.

Alle tilsette i Stordal kommune skal medverke til gjennomføring av tiltak som vert sett i verk.

#### Budsjettkontroll og kvalitet i arbeidet

Utvikling av samarbeid, støtte og rapporteringsrutinar på administrativt plan vil vere viktig framover. Stordal kommune må arbeide vidare med system, rutinar og reiskap som gjer at vi i fellesskap både kan leie godt, og utnytte dei tilgjengelege midlane på ein effektiv og best mogleg måte.

## Rekneskapsmessig resultat 2016

#### Drift

Økonomisk oversikt drift syner

Brutto driftsresultat:..... - 4 386 115,69 kroner

Netto driftsresultat:..... - 3 437 925,56 kroner

#### Investering

Økonomisk oversikt investering for 2016 syner eit udekket resultat på kr 100 000,-. Dette må finansierast gjennom nytt vedtak.

Finansieringsbehovet er kr 15 188 618,81 og av dette er kr 4 022 479,09 finansiert ved bruk av lån.

#### Økonomiske hovudtal

Nedanfor er det presentert nokre hovudtal frå Stordal kommune sin rekneskap for 2016.

(1 000 KR)	2016	2015
Sum driftsinntekter	116 321	112 349
-sum driftsutgifter	120 707	113 424

= Brutto driftsresultat	-4 386	- 1 075
Sum eksterne finansinntekter	1 990	1 435
-Sum eksterne finansutgifter	7 524	7 144
= Resultat eksterne finanstransaksjonar	- 5 533	- 5 709
+ Motpost avskrivningar	6 481	6 084
= Netto driftsresultat	- 3 438	- 701

Stordal kommune hadde eit netto driftsresultat på - 3 437 925,56 kroner. Til samanlikning var netto driftsresultat for 2015 - 700 984,84 kroner.

Rekneskapsskjema 1A - drift

Rekneskapsskjema 1 A – drift	Rekneskap 2016	Reg. budsjett 2016	Oppr.budsjett 2016	Rekneskap 2015
Skatt på inntekt og formue	20 380 370	20 964 000	20 964 000	18 571 044
Ordinært rammetilskudd	56 194 265	54 468 000	54 000 000	55 835 344
Skatt på eiendom	0	0	0	0
Andre direkte eller indirekte skatter	0	0	0	0
Andre generelle statstilskudd	2 631 811	3 065 000	2 715 000	2 967 394
Sum frie disponible inntekter	79 206 446	78 497 000	77 679 000	77 373 782
Renteinntekter og utbytte	1 990 518	1 425 000	865 000	1 434 220
Gevinst finansielle instrumenter (omløpsmidler)	0	0	0	0
Renteutg.,provisjoner og andre fin.utg.	2 691 359	2 472 300	2 472 300	2 055 837
Tap finansielle instrumenter (omløpsmidler)	0	0	0	0
Avdrag på lån	4 832 515	5 200 000	5 200 000	5 088 175
Netto finansinnt./utg.	-5 533 355	-6 247 300	-6 807 300	-5 709 792
Til dekning av tidligere regnsk.m. merforbruk	0	0	0	0
Til ubundne avsetninger	797 375	3 298 000	2 728 000	881 574
Til bundne avsetninger	603 395	1 351 200	1 449 200	2 836 999
Bruk av tidligere regnsk.m. mindreforbruk	0	0	0	630 726
Bruk av ubundne avsetninger	2 749 711	3 224 300	840 000	2 552 223
Bruk av bundne avsetninger	2 088 985	65 000	13 000	1 236 609
Netto avsetninger	3 437 925	-1 359 900	-3 324 200	700 985
Overført til investeringsregnskapet	0	0	0	0
Til fordeling drift	77 111 016	70 889 800	67 547 500	72 364 974
Sum fordelt til drift (fra skjema 1B)	77 111 016	70 889 800	67 547 500	72 364 974
Regnskapsmessig meir/mindreforbruk	0	0	0	0

## Rekneskapsskjema 1 B - drift

Stordal kommune – 2016	Rekneskap 2016	Reg.budsjett 2016	Oppr.budsjett 2016	Rekneskap 2015
Til fordeling drift	77 111 016	70 889 800	67 547 500	72 364 974
Ansvar 1000-1999 Sentraladministrasjon	12 348 169	11 724 200	11 116 200	13 187 597
Ansvar 2000-2999 Oppvekst og kultur	23 774 652	24 222 500	24 306 000	25 417 740
Ansvar 3000-3999 Helse og omsorg	31 484 400	26 276 620	25 670 000	28 062 866
Ansvar 6000-6999 Tekniske tenester	5 125 883	5 125 880	4 849 000	4 106 890
Ansvar 9000-9999 Finansområde netto	4 377 912	3 540 600	1 606 300	1 589 881
Sum fordelt	77 111 016	70 889 800	67 547 500	72 364 974

Stordal kommune vedtek netto budsjetttramme som styrande i budsjettet.  
Ansvar 9000 er korrigert for ikkje fordelingskostnadar drift.

## Rekneskapsskjema 2A – investering

Rekneskapsskjema 2 A – investering	Rekneskap 2016	Reg.budsjett 2016	Oppr.budsjett 2016	Rekneskap 2015
Investeringer i anleggsmidler	9 125 232	39 577 001	24 283 151	13 379 599
Utlån og forskutteringer	0	0	0	760 000
Kjøp av aksjer og andeler	652 220	0	0	624 236
Avdrag på lån	294 512	0	0	0
Dekning av tidligere års udekket	0	0	0	149 108
Avsetninger	6 437 241	5 621 000	0	0
Årets finansierungsbehov	16 509 205	45 198 001	24 283 151	14 912 943

Finansiert slik:				
Bruk av lånemidler	4 022 479	30 912 001	17 783 151	10 092 762
Inntekter fra salg av anleggsmidler	0	0	0	150 388
Tilskudd til investeringer	0	0	0	437 450
Kompensasjon for merverdiavgift	1 320 586	0	0	1 088 508
Mottatte avdrag på utlån og refusjoner	1 110 725	0	0	8 260 297
Andre inntekter	0	0	0	0
Sum ekstern finansiering	6 453 790	30 912 001	17 783 151	20 029 404
Overført fra driftsregnskapet	0	0	0	0
Bruk av tidligere års udisponert	5 621 000	5 621 000	0	0
Bruk av avsetninger	4 334 415	8 665 000	6 500 000	504 539
Sum finansiering	16 409 205	45 198 001	24 283 151	20 533 943
Udekket/udisponert	-100 000	0	0	5 621 000

Rekneskapsskjema 2 B – investering

Rekneskapsskjema 2 B – investering		Rekneskap 2016	Reg. budsjett 2016	Oppr. budsjett 2016	Rekneskap 2015
1201	Felles IT/dataområde	0	100 000	100 000	896 033
2907	Barnehage Grigåsørbbane	508 971	2 844 000	2 844 000	0
2912	Nybygg skule/ombygging garderober	0	0	0	155 944
2915	Tilbygg Stordalshallen	68 238	0	0	409 451
2917	Barnehage - forprosjekt (budsjett 300 000) avslutta	0	0	0	311 783
3905	Legekontoret - nytt utstyr (avslutta)	0	0	0	150 000
3906	Dagsenter	2 372 244	2 177 610	777 610	142 390
6955	Vatn/avløp Øvre Stordal	1 650 871	0	0	7 299 451
6958	Vegar og bruar 2011/2012/2013	0	0	0	200 000
6961	Gatenamn/offisiell gateadresse (avslutta)	0	0	0	149 019
6962	Kloakkrenseanlegg Stordal sentrum	137 482	6 508 814	6 508 814	91 186
6965	Overtaking vassverk	25 728	0	0	35 802
6967	Samfunnsdel kommuneplan (avslutta)	0	0	0	4 626
6970	Nødstraumaggregat (avslutta)	0	0	0	140 221
6972	Grigås røbbane	0	0	0	317 023
6975	Sansehage Stordalstunet (avslutta)	0	0	0	452 981
6976	Vassverk investering	0	780 675	780 675	209 325
6978	Mo – Overøye	102 500	0	0	154 800
6979	Turløype Almås – Overøye	655 204	31 262	31 262	418 738
6981	Ventilasjon kommunehuset	2 219 736	1 950 831	1 185 831	314 169
6982	Ballbinge Dyrkorn (avslutta)	0	0	0	744 427
6983	Parkeringsplass Overøye 2015	252 601	37 712	37 712	762 279
6984	Grigåsørbbane – grunnkjøp	521 349	10 980 047	10 980 047	19 953
6985	Grigåsørbbane - teknisk anlegg	399 963	13 128 850	0	0
6986	Naudstraumsaggregat skule/idrettshall	0	500 000	500 000	0
6987	Bygg for oppbevaring av avfall skule/stordalstunet	0	300 000	300 000	0
6988	Diverse utstyr teknisk etat	210 345	200 000	200 000	0
6989	Sentral driftsstyring kommunale bygg (oppgradering)	0	37 200	37 200	0
	<b>Totalt</b>	<b>9 125 232</b>	<b>39 577 001</b>	<b>24 283 151</b>	<b>13 379 599</b>



Utdrag av Stordal kommune sin rekneskap for 2016

Utgiftsartar drift (1000 kr)		Rekneskap 2016	Buds.(endr) 2016	Budsjett 2016	Rekneskap 2015
10	Løn og sosiale utgifter	81 657	74 135	71 918	77 767
11	Kjøp av varer og tenester	9 685	8 231	7 528	9 798
12	Kjøp av utstyr mv.og internkjøp	9 268	9 067	7 737	8 540
13	Kjøp av tenester – u/komm.eigenprod.	8 368	8 294	8 245	8 119
14	Overføringsutgifter	9 283	3 871	3 871	7 103
15	Finansutgifter	16 000	19 794	19 322	17 536
	Sum utgifter	134 261	123 392	118 621	128 863

Inntekststartar drift (1000 kr)		Rekneskap 2016	Buds.(endr.) 2016	Budsjett 2016	Rekneskap 2015
16	Salsinntekter	-18 604	-20 712	-16 453	-16 220
17	Refusjonar og internsal	-18 942	-13 619	-16 990	-21 120
18	Overføringsinntekter	-82 810	-78 647	-77 759	-78 996
19	Finansinntekter og finanstransaks.	-13 905	-10 414	-7 419	-12 527
	Sum inntekter	-134 261	-123 392	-118 621	-128 863

Netto driftsutgifter pr. rammeområde (1000 kr)	Rekneskap 2016	Buds.(endr.) 2016	Budsjett 2016	Rekneskap 2015
Ansvar 1000-1999 Sentraladministrasjon	12 348	11 724	11 116	13 187
Ansvar 2000-2999 Oppvekst og kultur	23 775	24 223	24 306	25 418
Ansvar 3000-3999 Helse og omsorg	31 484	26 276	25 670	28 063
Ansvar 6000-6999 Tekniske tenester, plan og utvikling	5 126	5 126	4 849	4 107
Ansvar 9000-9999 Finansområde netto	4 378	3 541	1 606	1 589
	77 111	70 890	67 547	72 364

Investeringsrekneskap – samandrag	Regnskap 2016	Reg. budsjett 2016	Oppr. budsjett 2016	Regnskap 2015
Sum inntekter	1 320 586	0	0	3 272 346
Sum utgifter	9 125 232	39 577 001	24 283 151	13 379 599
Sum finansieringstransaksjoner	7 383 973	5 621 000	0	1 533 344
Finansieringsbehov	15 188 619	45 198 001	24 283 151	11 640 597
Dekt slik:				
Bruk av lån	4 022 479	30 912 001	17 783 151	10 092 762



Mottatte avdrag på utlån	1 110 725	0	0	6 664 297
Bruk av tidlegare års udisponert	5 621 000	5 621 000		0
Bruk av disposisjonsfond	440 415	0	0	204 539
Bruk av bundne driftsfond	0	0	0	300 000
Bruk av ubundne investeringsfond	3 894 000	8 665 000	6 500 000	0
Sum finansiering	15 088 619	45 198 001	24 283 151	17 261 598
Udekket/udisponert	-100 000	0	0	5 621 000

#### Vurdering – oppsummering

Kommunerekneskapen for 2016 viser eit brutto driftsresultat på -4 386 115,69 kroner og eit netto driftsresultat på -3 437 926 kroner.

Ved hjelp av strykningar med overføring til investeringsrekneskapen og avsetjing til disposisjonsfond, kom rekneskapsresultatet i 0.

#### Rekneskap per KOSTRA-funksjon

		Rekneskap 2016	Buds(end) 2016	Rekneskap 2015
100	POLITISK STYRING	1 374 219	1 874 500	1 490 215
110	KONTROLL OG REVISJON	528 903	505 000	494 046
120	ADMINISTRASJON	6 872 888	4 940 300	6 816 686
130	ADMINISTRASJONSLOKALER	364 820	286 200	599 452
170	ÅRETS PREMIEAVVIK	-99 757	0	410 964
180	DIVERSE FELLESUTGIFTER	3 337 839	1 761 500	5 237 000
190	INTERNE SERVICEENHETER	0	2 739 475	1 896
201	FØRSKOLE	5 863 233	6 566 500	6 855 395
202	GRUNNSKOLE	14 533 544	14 501 400	15 324 889
211	STYRKET TILBUD TIL FØRSKOLEBARN	903 230	1 013 500	812 663
213	VOKSENOPPLÆRING	26 369	25 000	125 382
215	SKOLEFRITIDSTILBUD	451 756	304 000	368 946
221	FØRSKULELOKALER OG SKYSS	80 084	0	84 438
222	SKULELOKALER	1 230 215	0	1 336 590
223	SKULESKYSS	221 201	0	292 099
231	AKTIVITETSTILBUD BARN OG UNGE	146 442	105 500	-93 285
232	FOREBYGGING - SKOLE OG HELSESTASJONSTJENESTE	495 367	520 000	467 123
233	ANNA FOREBYGGENDE HELSEARBEID	66 921	315 800	20 922
234	AKTIVISERING OG STØTTETJENESTER OVERFOR ELDRE OG FUNKSJONSHEMMEDE	1 997 420	723 500	1 852 260
241	DIAGNOSE, BEHANDLING, RE-/HABILITERING	3 760 683	3 902 320	3 997 105
242	RÅD, VEILEDNING OG SOSIAL FOREBYGGENDE ARBEID	641 382	364 500	386 680
244	BARNEVERNTJENESTE	576 527	540 000	-33 429
251	BARNEVERNTILTAK NÅR BARNET IKKJE ER	75 368	150 000	162 880

	PLASSERT AV BARNEVERNET			
252	BARNEVERNTILTAK NÅR BARNET ER PLASSERT AV BARNEVERNET	2 544	10 000	8 338
253	HELSE- OG OMSORGSTJENESTER I INSTITUSJON	13 145 953	12 277 100	11 283 146
254	HELSE- OG OMSORGSTJENESTER TIL HJEMMEBOENDE	9 976 183	6 271 900	9 548 380
261	INSTITUSJONSLOKALER	1 310 292	0	1 193 191
265	KOMMUNALT DISPONERTE BOLIGAR	-532 511	-1 060 000	-686 345
273	ARBEIDSRETTEDE TILTAK I KOMMUNAL REGI	156 000	158 000	156 000
275	INTRODUKSJONSORDNINGEN	0	0	-5 000
276	KVALIFISERINGSORDNINGEN	129 237	0	0
281	YTELSE TIL LIVSOPPHOLD	402 925	410 000	357 360
283	BISTAND TIL ETABLERING OG OPPRETTTHOLDELSE AV EGEN BOLIG	-216 212	-115 000	-768 377
285	TJENESTER UTENFOR ORDINÆRT KOMMUNALT ANSVARSOMRÅDE	26 028	0	87 665
301	PLANSAKSBEHANDLING	31 586	28 000	65 616
302	BYGGESAKSBEHANDLING OG EIERSEKSJONERING	249 583	319 200	302 332
303	KART OG OPPMÅLING	87 849	970 100	592 391
304	BYGGE- OG DELESAKSBEHANDLING, ANSVARSRETT OG UTSLIPPSTILLATELSER	2 487	0	0
315	BOLIGBYGGING OG FYSISKE BOMILJØTILTAK	688 682	5 920 000	312 776
320	KOMMUNAL NÆRINGSVIRKSOMHET	24 940	0	14 585
325	TILRETTELEGGING OG BISTAND FOR NÆRINGSLIVET	474 512	485 000	549 003
329	LANDBRUKSFORVALTNING OG LANDBRUKSBASERT NÆRINGSUTVIKLING	471 562	467 000	434 611
330	SAMFERDSELSBEDRIFTER/TRANSPORTTILTAK	200 548	23 000	153 399
332	KOMMUNALE VEGAR	2 594 318	897 437	3 382 868
335	REKREASJON I TETTSTED	275 878	15 000	228 210
338	FOREBYGGING AV BRANNER OG ANDRE ULYKKER	81 628	141 609	78 389
339	BEREDSKAP MOT BRANNER OG ANDRE ULYKKER	1 824 377	1 392 100	1 660 716
340	PRODUKSJON AV VANN	1 098 750	1 249 500	2 800 679
345	DISTRIBUSJON AV VANN	-892 210	-495 346	1 279 853
350	AVLØPSRENSING	1 371 421	836 000	4 395 562
353	AVLØPSNETT/INNSAMLING AV AVLØPSVANN	-1 800 119	-998 000	-1 023 237
354	TØMMING AV SLAMAVSKILLERE, SEPTIKTANKER O.L.	-16 904	13 805	670 002
355	INNSAMLING, GJENVINNING OG SLUTTBEHANDLING AV HUSHOLDNINGSKAVFALL	419 663	13 000	806 563
360	NATURFORVALTNING OG FRILUFTSLIV	186 584	180 000	-358 843
365	KULTURMINNEVERN	192	0	0
370	BIBLIOTEK	401 500	400 000	423 109
380	IDRETT OG TILSKUDD TIL ANDRES IDRETTSANLEGG	157 878	0	513 183
381	KOMMUNALE IDRETTSBYGG OG IDRETTSANLEGG	220 337	0	765 769
383	MUSIKK- OG KULTURSKULER	456 640	428 000	447 419
385	ANDRE KULTURAKTIVITETER OG TISKOT TIL ANDRES KULTURBYGG	701 240	757 800	692 203
386	KOMMUNALE KULTURBYGG	3 417	0	1 394

390	DEN NORSKE KIRKE	1 179 136	900 000	1 127 500
392	TILSKUDD TIL TROS- OG LIVSSYNSSAMFUNN	59 396	0	116 583
393	GRAVLUNDER OG KREMATORIER	1 500	0	2 250
800	SKATT PÅ INNTEKT OG FORMUE	-20 380 371	-20 964 000	-18 571 044
840	STATLIG RAMMETILSKOT OG ØVRIGE GENERELLE STATSTILSKOT	-56 892 939	-54 600 000	-56 616 313
841	KOMPENSASJON FOR MERVERDIAVGIFT I INVESTERINGSREGNSKAPET	0	0	-1 088 508
860	MOTPOST AVSKRIVNINGER	-6 956 907	-5 700 000	-6 668 508
870	RENTER/UTBYTTE OG LÅN (innlån/utlån)	6 064 787	8 729 800	-361 865
880	INTERNE FINANSIERINGSTRANSAKSJONER	-240 033	-500 000	-4 683 193
899	ÅRETS REGNSKAPSMESSIGE MER-/MINDREFORBRUK			-630 726
	TOTALT	0	0	0



*Ny ballbinge på Dyrkorn*

## Rammeområde 1 Sentraladministrasjonen

Omhandler følgende tenesteområde:

- Politisk styring og kontrollorgan
- Rådmann
- Personal og løn - HMS
- Økonomi
- Servicekontor
- IKT
- Kommunale bygg
- Forsikringer
- Vekstkommuneprosjekt
- Viltarbeid
- Samarbeid/tilskot til andre

Drift	Rekneskap 2016	Budsjett (end)2016	Rekneskap 2015
Utgifter	21 364 565	15 460 900	20 350 240
Inntekter	-9 016 396	-3 736 700	-7 162 642
Netto driftsutgifter	12 348 169	11 724 200	13 187 597

Driftsrekneskapen for rammeområde 1 Sentraladministrasjonen syner eit meirforbruk i høve til korrigert driftsbudsjett på kr 623 969,-.

Det er overforbruk på fleire ansvarsområder med politisk organisasjon, IKT og Samarbeid med andre som dei største. På ansvarsområdet politisk organisasjon er det i hovudsak andre kontingenter og lisensavgifter som har dei største overskridingane. Utgifter til linje- og sambandsleige, lisensavgifter samt serviceavtalar og reparasjonar har ført til overforbruk på IKT-området.

### Statistikk og tal på dokument

Dokumenttype	2012	2013	2014	2015	2016
Inngående dokument	3252	3773	3772	3761	3123
Utgående dokument	1616	1648	1981	1816	1439
Interne notat (N og X dokument)	628	724	950	1026	665
<b>Sum dokument</b>	<b>5496</b>	<b>6145</b>	<b>6703</b>	<b>6603</b>	<b>5227</b>

## Statistikk og tal på saker og møte

Namn på utval	Saker 2012	Saker 2013	Saker 2014	Saker 2015	Saker 2016	Møte 2012	Møte 2013	Møte 2014	Møte 2015	Møte 2016
Formannskapet	136	121	110	123		14	14	15	14	12
Kommunestyret	86	100	94	106		7	7	8	9	10
Tiltaksnemnda tom juni 2014	40	20	11	-		5	7	5	-	-
Planutvalet (saman med FS nov.11)	-	-	-	-		-	-	-	-	-
Diverse andre utval	91	123	122	72		26	34	39	37	60
Delegerte saker	120	188	114	132		-	-	-	-	-
<b>SUM</b>	<b>473</b>	<b>552</b>	<b>451</b>	<b>433</b>		<b>52</b>	<b>62</b>	<b>67</b>	<b>60</b>	<b>82</b>

## IKT

Det har vore eit rekneskapsmessig meirforbruk på IKT i 2016. Det er aukande krav og forventningar til digitale løysingar både i organisasjonen og i samfunnet elles. Det er krevjande for ei lita kommune å halde tritt med den digitale utviklinga – særleg med tanke på kostnader knytt til digital infrastruktur, programvare og lisensar.

## Vekst i Stordal

Stordal kommune har etablert eit eige prosjekt for næringsutviklingsarbeid: Vekst i Stordal (ViS). Målet er å medverke til 75 nye arbeidsplassar i prosjektperioden. Prosjektet er i utgangspunktet fireårig med start i 2014, og er finansiert med midlar frå Møre og Romsdal fylkeskommune (50%), RDA-midlar utgjør andel frå lokalt næringsliv (25%) og Stordal kommune (25%). Prosjektet har ei årleg ramme på 2 millionar kroner. I 2016 gjekk Stordal kommune inn med kr 500.000 ekstra, medan Møre og Romsdal fylkeskommune auka sitt bidrag med kr 1 million. Prosjektet har tilsett prosjektleiar, Harald Espeland. I 2016 har prosjektleiarstillinga vore delt i to: 50 % stilling som prosjektleiar for ViS og 30 % stilling disponibel til utleige i prosjekt hos næringslivet. Det er også etablert eiga styringsgruppe med Olav Bratland som styreleiar. I 2016 hadde styringsgruppa 11 møter og handsama 75 saker. Stordal kommune har vedtatt at prosjektet skal vidareførast i sin noverande form til og med 2018.

Vekst i Stordal sine overordna strategiar er:

- Tiltaka til ViS vil i hovudsak byggje på kvalitetane Stordal og næringslivet har frå før
- Prioritere tiltak som koplar fleire verksemder saman og som kan gi direkte og indirekte sysselsettingseffekt hos fleire verksemder på ein gong
- Vektlegge konkrete resultat. ViS skal ha fokus på arbeidsplassar og næringsutvikling - ikkje stadutvikling med diffus næringsgevinst

Satsingsområde for ViS:

- Næringsmiddel/mat
- Opplevingar/reiseliv
- Forbrukarprodukt
- Bygg- og anlegg
- Anna

I prosjektperioden har Stordal kommune lagt handsaming av alle næringsutviklingmidlar til styringsgruppa i prosjektet for å sikre ei heilskapleg næringsssatsing og forvaltning. I 2016 ga ViS 24 tilsegn til ulike verksemder med totalt støttebeløp på kr 3.503.500.

Det er stor aktivitet i prosjektet og spennande næringsutviklingsarbeid er i gang – både nyskapande aktivitet i eksisterande næringsliv og nyetableringar. I 2016 engasjerte ViS seg tungt i etableringa av Stordal Aquaproduksjon AS. Norsk Sjømat Holding AS, Aquagen AS og ViS/Stordal kommune eig 1/3 kvar av selskapet som har føremål om å etablere smoltanlegg i Stordal. I løpet av 2016 sendte selskapet inn søknad om smoltkonsesjon. Vidare var ViS tett på etableringa av NorInsect AS i 2016, då prosjektleiar var utleigd i 30 % stilling til selskapet som forretningsutviklar. ViS har også jobba tett med etablerte verksemder og nye verksemder som Lotics AS, Made in Fjords AS, Stillasmontering AS, inStordal AS, Fiskeriportalen AS m.fl. ViS har også vore delaktig i etableringa av Øvre Stordal AS.

## Rammeområde 2 Oppvekst og kultur

Omhandlar følgjande tenesteområde:

- Oppvekst og kultur felles
- Barnehage
- Grunnskule
- Skulefritidsordning
- Musikk- og kulturskule
- Folkehelsekoordinator
- Frivilligsentral
- Kulturkafe
- Bibliotek
- Stordalshallen
- Ungdomsklubben
- Ungdomsrådet
- Vaksenopplæring

Drift	Rekneskap 2016	Budsjett (end)2016	Rekneskap 2015
Utgifter	32 044 732	30 248 900	32 547 611
Inntekter	-8 270 080	-6 026 400	-7 129 871
Netto driftsutgifter	23 774 652	24 222 500	25 417 740

Driftsrekneskapen for rammeområde 2 Oppvekst og kultur syner eit mindreforbruk i høve til korrigert driftsbudsjett på kr 447 848,-.

Ansvarsområder som Oppvekst og kultur felles, Barnehagen og Kultur har mindreforbruk, medan Grunnskule, SFO og Frivilligsentralen har meirforbruk.

Meir detaljert info i underkapittel.

## Andershaugen barnehage

### Drift- og tenesteåret 2016

Andershaugen barnehage hadde 18 tilsette i 2016 inkludert reinhaldar (50%) og vaktmester (20%). Alle dei 4 pedagogiske leiarane har godkjent utdanning, og vi har 6 assistentar med fagbrev eller tilsvarende utdanning.

Barnehageåret 2016/2017 har vi totalt 38 ulike barn fordelt slik utover veka:

	Måndag	Tysdag	Onsdag	Torsdag	Fredag
Antal barn totalt	36	37	30	33	36
Under 3 år	3	7	5	6	6

Våren 2017 er det 5 barn som skal over i skulen. Dette betyr sannsynlegvis at barnetalet ikkje vil endre seg så mykje for komande barnehageår. I 2018 er det derimot 15 barn som går ut, noko som kan medføre endringar.

Frå hausten 2016 vart ein av pedagogane våre sett inn i ei spesialpedagogrolle i 60 %. Dette har vore veldig verdifullt for barnehagen. Vi har auka tal på barn som treng, og har rett på, spesialpedagogisk hjelp i større eller mindre grad. Dette arbeidet er ressurskrevjande med tanke på planlegging, gjennomføring, rapportering samt samarbeid med foreldre og andre faginstansar.

Rekneskapan for 2016 viser eit lite overskot til trass for at bemanninga er noko i overkant vurdert opp mot størrelse/behov i barnegruppa. Ekstra bemanningsressurs gjorde at ein i liten grad måtte leige inn ekstern vikar ved sjukefråver. Vi hadde 600 000 kr. inn på refusjon sjukepengar.

### Utfordringar framover

Nytt barnehagebygg er nødvendig, og det er sterkt ønskjeleg at arbeidet med bygging av ny barnehage kjem i gang snarast råd. Knapp økonomisk ramme gir utfordringar i høve til å kunne ha forsvarleg bemanning framover i høve til behova i barnegruppa.

## Stordal skule - grunnskulen, SFO, kulturskulen og vaksenopplæringa

### Drifts- og tenestear 2016

#### Skule

Dei siste åra har elevtalet ved skulen gått betrakteleg nedover. Klassestorleiken varierer frå 8 til 20 elevar, og gjennomsnittet pr. klasse ligg på 14,5 elevar. På grunn av desse variasjonane er det slik at det har blitt samanslåing av klasser med få elevar i nokre fag på barnesteget, men undervisninga i norsk, matematikk og engelsk er skjerma. Ved organisering av klassesamanslåing blir det teke omsyn til både det pedagogiske og klassestorleik.

Nokre sentrale tal	Elevtal 1.- 7. kl.	Elevtal 8.- 10. kl.	Barn i SFO	Elevar med skyss	Elevar med norsk 2	Årsverk adm	Årsverk lærar	Årsverk assistent	Sum lærartimar undervisning
2016-2017	92	53	21	28	6	160	1779	96	9950
2015-2016	106	55	29	34	4	140	1710	99	10269
2014-2015	114	53	40	36	4	130	1669	97	9974

*(Tala er henta frå GSI- grunnskolens Informasjonssystem) NB! Kolona «Årsverk lærar» omfattar både undervisning og andre oppgåver*

#### Brucarane

Dette skuleåret har det vore sett fokus på den nasjonale satsinga UIU- Ungdomstrinnet i utvikling. Områda det er arbeidd med er klasseleiing og rekning i alle fag. Denne satsinga held fram til årsskiftet 2018.

God klasseleiing fører til eit godt læringsmiljø, ein god vurderingspraksis og er viktig i arbeidet med fag og grunnleggjande ferdigheiter. Rekning er ein grunnleggjande ferdigheit som går på tvers av fag. Å kunne rekne er å bruke matematikk på mange livsområder. Det å kunne resonnerer, bruke matematiske omgrep, framgangsmåtar, fakta og verkty for å løyse problem og for å skildre, forklare og sjå kva som skjer er viktig. Rekning er altså ein grunnleggjande ferdigheit som er nødvendig for læring og utvikling i alle fag på alle steg. Den gir eit grunnlag for at eleven skal kunne lære og utvikle seg på skulen, i arbeid og i samfunnet.

Nytt av året er skulebidragsindikatoren, som skal gi oss eit visst bilete av kva skulen bidreg med for eleven si læring. Familiebakgrunn viser seg å ha stor tyding for elevane sine resultat på skulen. Skular med høg del av høgt utdanna foreldre har i gjennomsnitt betre resultat enn skular med lav del elevar med høgt utdanna foreldre. Skulebidragsindikatoren er eit forsøk



på å korrigere elevane sine resultat med familiebakgrunnen deira. Skulebidragsindikatoren kan tolkast som det resultatet ein skule ville fått dersom elevgrunnlaget var likt for alle skular.

Sjølve skriv SSB i sin rapport: «Vi anbefaler å bruke skulebidragsindikatorer til å si noe om hvilke skoler og kommuner som bidrar mye/lite til elevenes læring, slik elevens læring måles i rapporten. Vi anbefaler ikke å bruke skulebidragsindikatorer i kåringer av «beste/dårligste» skoler. Dette er det flere grunner til.» Her presiserer SSB mellom anna at det heftar usikkerheit til undersøkinga.

Undersøkinga viser at Stordal skule bidreg godt for elevane si læring, av dei beste i fylket, på dette området. Medverkande årsakar til dette gode resultatet er dyktige og engasjerte lærarar, og ei god oppfølging av spesialundervisningselevar både med omsyn til ressursbruk og lærarundervisning.

#### Medarbeidarar

Sjukefråveret denne perioden har vore forholdsvis stort pga. langtidssjukmeldingar. Noko bruk av vikar, omorganisering og ein ekstra innsats er sett i verk. Fleksible løysingar og løysingsorienterte leiarar og lærarar har sikra at elevane har fått eit best mogeleg tilbod.

Vi ha dei siste to åra fått lærarar inn på vidareutdanning innan engelsk og matematikk. Vi håper på å kunne fortsetje med å ha ein til to lærarar pr. skuleår på etterutdanning. Sjølv om etterutdanninga er subsidiert kostar det likevel skulen ca. 120 000,- kr pr. student pr. år.

Året som gjekk, og utfordringane framover

Skulen har og vil etter kvart få born med ulike ressurskrevjande diagnosar. Målet er å tilrettelagde slik at borna opplever mestring og utvikling slik at dei kan klare seg på eiga hand.

Den digitale kvardagen ved skulen har ikkje vore tilfredsstillande på grunn av for få datamaskiner og manglande nettbrett. Kommunen har i 2017 sette av ein sum til innkjøp av datamaskiner og nettbrett, noko som vil utgjere store endringar i skulekvardagen. Bruk av nettbrett på 1.-4. klasse vil vere til god hjelp for differensiering og mestring.

Symjebassenget er ein forholdsvis høg utgiftspost for skulen. Bassenget er i drift 13-14 veker i hausthalvåret (+1-2 veker for Barnas kommune i juleferien), og det er rikeleg nok til at ein får gjennomført minimumsopplæringa i samsvar med rammeplanen. Kostnadar som dette medfører er at straumforbruket aukar drastisk dei vekene bassenget er i drift, samt ekstra utgifter til bruk av kjemikaliar og andre driftskostnadar.

Det auke for behovet for spesialundervisning er ei utfordring. Dette går ut over ressursane som går til klassane generelt, og det blir færre ressursar til tilpassa opplæring i klasserommet. Fokus på tidleg innsats i skulen vil truleg hjelpe, men det vil nok likevel vere fleire som treng spesialundervisning heile skuleløpet. Pr. dato har 10% av elevane ved skulen spesialundervisning og dette er noko høgare enn landsgjennomsnittet som ligg på om lag 8%.

Når det gjeld uteområde ved skulen er forfall på eksisterande utstyr stort, og det er behov for meir/ fleire leikealternativ. Det er eit stort ønske frå alle partar som har med skulekvardagen å gjere at uteområde blir meir spennande og aktiverande. Gevinsten vil vere stor i forhold til trivsel, fysisk utvikling, mobbing, konflikhtar og negativ åtferd.

### SFO- Skulefritidsordninga

Pr.01. 03.2016 var det 29 barn på SFO. Hausten 2016 starta det 25 barn, og pr. 01.12.16 var det 23 barn på SFO. Berre 5 elevar gjer seg nytte av full plass. Også dette skuleåret er det SFO- tilbod på onsdagar når 1.- 3. klasse har fridag. Det vert stadig dyrare å drifte SFO pga. minkande foreldrebetaling og at ein uavhengig av talet på barn må ha ei grunnbemanning på plass.

### Vaksenopplæringa

Det har ikkje vore gitt norskopplæring for innvandrarakar i 2016 sidan det ikkje har vore innvandrarakar med rett og plikt til gratis undervisning i kommunen. Vi har hatt noko vaksenopplæring for vaksne funksjonshemma elevar med behov for spesialundervisning.

### Kulturskulen

Hausten 2016 starta kulturskulen med 34 elevar. Det er nokre færre enn i vårhalvåret. Det har vore god søknad på piano og korpsinstrument, medan talet på gitarelevar har gått ein del ned. Tre elevar har fått undervisning på fiolin og ein på song. Sju lærarakar har vore tilsett i ulike stillingstørrelsar. Totalt har kulturskulen om lag 80 prosent stilling inkludert administrasjon. Kulturskulen har ikkje ventelister.

Utfordringar i haust har vore å skaffe ny lærar både for treblåsinstrument og for gitar. For treblåselevane løyste saka seg, men kulturskulen stod dessverre, etter å ha prøvd mange løysingar, utan gitarlærar frå nyttår. Å få lærarakar i slike små stillingsprosentar vil nok vere ei vedvarande utfordring.

## Kulturområdet

Innan kulturområdet finn vi:

- Kulturadministrasjon (kulturkontor)
- Koordinator for Stordal ungdomsråd
- Folkehelsekoordinator
- Stordal Folkebibliotek
- Stordalshallen
- Stordal Ungdomsklubb
- Stordal frivilligsentral

Innan kulturadministrasjonen har det i 2015 vore tre tilsette:

- Dagleg leiar Stordalshallen, 60% stilling
- Kulturkonsulent, 40% stilling
- Biblioteksjef, 50% stilling
- Folkehelsekoordinator, 50% stilling
- Dagleg leiar frivilligsentral, 100% stilling

## Kulturkontoret - kulturkonsulent

Ei sentral oppgåve for kulturkonsulent er å bidra til at lag, organisasjonar og andre friviljuge får god oppfølging og at samarbeidet mellom det friviljuge og kommunen vert best mogleg.

Sentalt er også tilskotsformidling, først og fremst formidling av egne midlar, men også bidra til at lokalsamfunnet kan nå tak i midlar frå andre aktørar.

Vidare må ein bidra til at samarbeidet mellom dei ulike laga er godt, samt bidra til oppsett og koordinering av trenings- og øvingstider. Ein må prøve å forsterke det som fungerer bra og samstundes bidra på område der det er utfordringar og framleis «ugjort arbeid».

#### Rikt kulturliv

Kommunen har eit rikt kulturliv, der det mellom anna registrert nærare 60 lag og organisasjonar. Mange av desse har også eit høgt aktivitetsnivå, og den store mengda med lag og organisasjonar bidreg kvar på sine måtar med tilbod til glede for både ung og gamal.

#### Kulturstipend 2016

I 2016 vart Jenny Marita Sørås tildelt Stordal kommune sin kulturstipend, på bakgrunn av at ho har vist seg å vere særst talentfull så vel som songar, som det å traktere fleire ulike instrument på utmerka vis.

#### Idretten står sterkt - både breidde og topp

Det er gode tilbod innan idrett, både for dei som ynskjer å verte veldig gode og for dei som vil halde på fordi det er kjekt. Idrettslaget har ei oppslutning i kommunen på godt over 40%. Tal aktive er høgt både innan vinteridrettane (langrenn, alpint og hopp) og sommaridrett. For sommaridrettane er det fotball som utmerkar seg med svært høg deltaking blant born og unge.

For året 2016 er det oppnådd gode resultat i fleire av vinteridrettane; slalom, langrenn og hopp. I langrennsporet har Martine Lorgen Øvrebust (20) svært gode resultat, både nasjonalt og internasjonalt. Kombinertløpar Petter Løset Skodjereite (18) har også hatt gode resultat nasjonalt. Innan alpinidretten er det også fleire som er blant dei beste i landet. Vegard Busengdal (23) har halde fram med å levere topplasseringar i internasjonale renn innan alpinsporten.

Fotball har stor deltaking i kommunen, og Stordal sitt J 16 – lag vart nominert til prisen, Årets Jenteklubb.

Det er vidare gledeleg å kunne slå fast at breiddeaktiviteten til idrettslaget framleis er særst god, og med stor deltaking på lokale konkurransar og treningar. Eksempel som kan nemnast her er Stordalscup i langrenn og barneskirenn i regi av alpingruppa, som har hatt høg deltaking. Barneidrettsgruppa i Stordal IL har eit flott tilbod til dei yngste gjennom sitt årshjul der det både er symjing, ski, dans, hall-aktivitetar og mykje meir på programmet.

Stordal IL får til mykje, og vert lagt merke til. Få små idrettslag kan vise til slike resultat kva gjeld både topp og breidde!

Det er også flott at det kjem nye tilbod på plass, også utanom det idrettslaget står bak. Eksempel er taekwon do, skyttarlaget sine rekrutteringsskytingar, og aktiviteten innan folkedans er også aukande.

#### Song og musikk

Det er også mange unge som viser stor interesse for song og musikk og dei har mange arenaer og arrangement der dei får høve til å vise fram kva dei kan. Både i regi av Stordal skule, Stordal Ungdomsklubb, og i regi av dei mange aktive laga innan song og musikk.

Det har vore mange flotte arrangement/konsertar også dette året, og Stordal Barnekor, Stordal Skulekorps og Stordal Hornmusikklag kan vise til stor aktivitet i 2016.

Lokalmønstringa av UKM er imponerande. Under fylkeskulturmonstringa i 2016, representerte desse ungdomane Stordal kommune: Sinne Eisma, Herdis Kamp, Paula Løset Skodjereite, Mariell H Busengdal, Regine Jacobsen og Jeanette Lien. I tillegg deltok Amalie E Hove i musikkgruppa Safehouse, som gjekk vidare frå Ørskog kommune.

#### Anlegg og fasilitetar

Stordal kommune har gode anlegg og fasilitetar for utøving av aktivitetar, sport, song og musikk. Det vert lagt ned ein enorm frivillig innsats lokalt både under bygging, vedlikehald og ikkje minst for å skape aktivitetar der.

Ballbingen ved Stordal Skule fekk nytt dekke, ved hjelp av gåve frå Sparebanken Møre på 50 000 kr, samt 65 000 kr i spelemidlar.

Etableringa av snøproduksjonsanlegg ved Stordal Alpinsenter pågjeikk for fullt også dette året og no er store delar av dette teke i bruk. Investeringane nærmar seg ti millionar, tre millionar i form av spelemidlar.

Utvikling av friluftsområde ved badeplassen på Langsætrane (Øyna) har også motteke spelemidlar. Nye bruer er plass.

#### Rekordmange arrangement

Også for 2016 kan vi sjå attende på ei rad flotte arrangement, til glede for både innbyggjarar og tilreisande. Generelt kan ein seie at Stordal kommune har svært stor arrangementsaktivitet

To arrangement det ligg enormt med arbeid bak er sjølv sagt Årsfesten for Stordalshallen og Stordalscup.

#### Kulturminnearbeid

Stubbediktvandringane i regi av Stordal Folkebibliotek, gode døme på kulturminnearbeid.

Aktiviteten på Ytste Skotet gjennom heile sommarhalvåret er aktivt kulturminnearbeid, og både store og små valfartar dit for å få oppleve korleis livet arta seg på ein fjordgard i eldre tider.

Det er også blitt ein fin tradisjon at Mosætra vel inviterer til Mosætersøndag og vi gler oss også over Langsæterdagane.

Mange lokale grunneigarar er flinke til å ta vare på eldre bygningar rundt om i kommunen, og syter på det viset for at vi og våre etterkomarar får glede av dette.

#### Friluftsliv

Året 2016 har det vert et omfattande arbeidet med å legge til rette for friluftaktivitetar.

## Tilskot og midlar

### Spelemidlar

Stordal kommune fekk i 2016 tilsegn på spelemidlar slik:

- Rehabilitering av dekke på ballbingen Stordal skule. Tilsegn på kr 65.000kr.
- Snøproduksjonsanlegg v/Stordal Alpinsenter, delt inn i tre trinn, med ein totalkostnad på nærare 10 millionar og der spelemidlane vil kunne utgjere nærare 3 millionar.
- Ballbingen på Dyrkorn, tilleggssøknad, søkt tilskot kr 100.000
- Turløype mellom Overøye og Almås, ca. 600 000
- Etablering av turløype mellom Overøye og Almås, søkt tilskot kr 600.000
- Rehabilitering av lysanlegg ved Stordal Alpinsenter, søkt tilskot kr 450.000
- Rehabilitering av dekke på ballbingen ved Stordal skule, søkt tilskot kr 60.000

Fordelinga skjer i juni kvart år og det er god von om at fleire av desse tiltaka då vil kome i posisjon.

### Kulturmidlar

Stordal kommune løyvde også i 2016 totalt kr 170.000 i form av kulturmidlar til lag og organisasjonar (herunder også midlar til kulturstipend, kontingent friluftsrådet m.m.)

### Utfordringar framover

- Ta vare på og vidareutvikle den flotte enorme dugnadsanda i kommunen
- Vidareføre det gode samarbeidet med dei frivilljuge organisasjonane
- Spelemiddelordninga er pressa, det er om lag fem års ventetid på å få tilsegn. Dette er ei stor utfordring for lag og organisasjonar som ynskjer å få på plass anlegg, evt rehabilitering eksisterande anlegg
- Prioritere, koordinere og utnytte dei samla administrative ressursane på kulturområdet på beste måten

### Rekneskapstal for kultur

Av den totale ramma på kr 500.000 har ein helde seg godt innanfor. Kr 67.000,- er dermed gått til å dekke inn underskot elles innan området oppvekst og kultur.

## Stordalshallen

Dagleg leiar i 60% stilling, vaktmeister 20% stilling og reinhaldar i 33% stilling.

Interessa for det positive som skjer ved Stordalshallen er stor. Vi har god oppslutning i høve til profileringskonseptet, og i høve til kor mange som besøkjer oss og dei mange arrangementa i Stordalshallen også i 2016. Dette i sum bidreg til at rekneskapstala ser gode ut. Det skal vere gratis for lag og organisasjonar frå Stordal kommune å nytte Stordalshallen til trening, øving, møteverksemd o.l. I lys av dette er det kjekt å konstatere at ein likevel kan kome ut i balanse rekneskapsmessig.

Utgiftene ligg dette året på kr 1,3 millionar kroner for 2016. Avgjerande for at ein ikkje kjem ut med negative tall, er det at ein har lukkast med å få på plass nærare 100 samarbeidspartnarar. Åleine utgjør dette inntekter på kr 550.000.

Viktig er det sjølvsagt også å peike på dei mange arrangementa i Stordalshallen, som lokale lag og organisasjonar står bak. I tillegg til at dette gir inntekter hallen, er dette også viktig i høve til positiv omtale både i media og elles. Vidareføring av tradisjonen med at dei sju grendelaga står som arrangør av Årsfest er svært positivt. Årsfestane gir viktige inntekter til Stordalshallen, sjølv om det varierer veldig frå år til år kor stort overskotet blir.

Også i 2016 var det stor interesse for å vitje Stordalshallen. Det vere seg lag, organisasjonar, skuleklassar og andre. Mange kjem attende år etter år.

Klatremiljøet, skyttarlaget og trampolinegruppa stiller ofte opp som instruktørar når vi har besøk. Dette er ein suksessfaktor for oss, då desse aktivitetane ofte er noko av høgdepunktet når vi har besøk utanfrå. Tusen takk for den store frivillige innsatsen som dei stiller med!

Til liks med det som gjeld kulturlivet generelt, har ein sett det som viktig å synleggjere mest mulig av det positive som skjer ved Stordalshallen. Arbeidet med nettsida og etter kvart også etablering av eiga side på facebook, har difor også hatt høg prioritet.

Stordalshallen har eit nært og godt samarbeid med skulen. Det er opna opp for at delar av skulen kan takast i bruk i samband med øvingshelgar og liknande. Dette er svært positivt og viktig med tanke på at behovet for lokalitetar er store ved slik høve.

Tilbygget som har kome på plass har gitt oss meir lagerplass, to nye garderobar og heile seks ekstra toalett.

Stordalshallen, og det den står for, har stor betydning for alle i lokalsamfunnet vårt. Med dei mange arrangementa som er der, markerar Stordalshallen seg også i regional samanheng.

#### Utfordringar framover

I løpet av de 20 åra Stordalshallen var opna, har det kome stadig fleire krav til sertifiseringar, serviceavtalar m.v

Ein har like fullt klart å unngå underskot i rekneskapen, fordi ein har klart å auke inntektene på samarbeidsavtalane. Frå 2000 til 2016 har desse auka frå 101 000kr til 550 000 kr.

## Stordal bibliotek

### Oppsummering av drifts- og tenesteåret 2016

Stordal bibliotek har 2 tilsette, og totalt 0,48 årsverk. I tillegg har skulebibliotekdelen ein stillingsressurs på 10 %, samt at dagleg leiar for frivilligsentralen har kveldsvakt 2,5 time i veka ved biblioteket.

### Utlån og besøk

I 2016 lånte biblioteket ut 6684 titlar. Dette er 496 færre utlån enn det ein hadde i 2015.

Det er i utlån av bøker til barn og unge ein har stor nedgang. Det er grunn til å tru at ein nedgang på 13,1 grunnar i manglande registrering ved bruk av sjølvbetjent utlån.

Bibliotekpersonalet har registrert at mange bøker vert innlevert utan at dei har vore registrert som utlånt. I tida framover vil ein i samarbeid med skulen, ha sterk fokus på meir opplæring og oppfølging ved registrering av lån.

I 2016 lånte ein ut 2299 bøker til vaksne, og dette er ei auke på 3,7 % i høve til året før.

I kategorien andre media vart det lånt ut 900 titlar i 2016, og det ein nedgang på 9.9 %.

I 2016 var talet på besøk 4212. Talet er berekna ut i frå stikkprøver. Frå 2017 vil ein føre besøkstal for kvar utlånsdag. Talet på personar som har delteke på arrangement er ikkje rekna med i besøkstal.

### Arrangement

Stordal bibliotek var arrangør/medarrangør for i alt 8 arrangement i 2016.

Dato Arrangement

24.feb Eventyrstund ved bålpanne på Overøye

12.mar Ulla Krulle og den forsvunne kosesauen Bæ-bæ\*

21.jun Teiknworkshop med Christian Fjeldbu\*

14.aug Stubbediktvandring på Dyrkorn

21.aug Eventyrstund på Langsæterdagane

01.sep Eventyrlig vandring\*

06.okt Verdensdagen for psykisk helse\*

27.okt Grassentassar og miljøsvin

03.nov Songar ved bålet

\*Arrangement der Stordal bibliotek var medarrangør.

### Viktige hendingar i meldingsåret

- I 2016 fekk ein på plass ei enkel og rimeleg løysing for sjølvbetjent utlån. Dette gir bibliotekpersonalet betre høve til aktiv formidling ved klassebesøk, og elevane slepp å stå så lenge i kø ved skranken. Ein fekk og på plass ein søkestasjon i biblioteket.
- Stordal bibliotek fekk kr. 10.000,- i støtte frå Sparebanken Møre. Midlane gjorde det mogleg å arrangere to forteljarkonsertar i serien «Ordspel» med forfattarar frå fylket og Møremusikarane. Forteljarkonsertane var sterkt subsidiert av fylkeskommunen.
- Våren 2016 tok Møre og Romsdal fylkesbibliotek initiativ til å fornye lesekampanjen Sommarles ved å bli ein del av den digitale lesekampanjen Sommarles, der i alt 185 kommunar deltok i meldingsåret. På fylkesbasis var det stor deltaking, men i Stordal vart oppslutnaden mindre enn tidlegare. Stordal bibliotek må i større grad informere og synleggjere lesekampanjen i 2017.
- Stordal bibliotek organiserer høgtlesing på Stordalstunet ein gong i veka. I 2016 var det 7 frivillige leseombod som deltok i dette frivillige arbeidet.
- Biblioteksjefen deltok på regional integreringskonferanse på Stranda i september 2016.

Biblioteksjef Bjørg Moltu heldt foredrag med tittelen : Folkebiblioteket - ein døropnar til norsk språk, kultur og samfunnsliv.

#### Utfordringar for tenesteyting 2017 – 2020

- Biblioteket si budsjettamme er for lita. Biblioteket betyr mykje for mange av innbyggjarane i Stordal kommune, og i ei tid der mange opplever omskifte i kvardagen, kan ei god bibliotekteneste vere særskild viktig når det gjeld tilgang til litteratur, kultur, informasjon og kunnskap. Biblioteket spelar også ei vesentleg rolle når det gjeld helse, trivsel og bulyst.
- Ein må i større grad ha høve til å møte brukarane med det sortiment av bøker /media som brukarane ynskjer.
- Personalressursen er for liten. Det er tidkrevjande å handtere ein slik stor bruk av biblioteket og ein rekk ikkje stort anna enn å halde eit visst orden og system, og sjølv sagt må ein bruke tid til litteraturformidling til dei som har behov for det, samt referansearbeid. Plan og utviklingsarbeid vert nedprioritert på grunn av mangel på tid.
- Folkebiblioteka skal være en uavhengig møteplass og arena for offentlig samtale og debatt. Bibliotekpersonalet har kompetanse, kreativitet og vilje til at biblioteket skal vere ein aktiv og levande aktør i lokalsamfunnet, men må ha handlingsrom i form av tid og midlar.
- Ein står føre ei kommunesamanslåing og biblioteksjefen ser det som viktig at innbyggjarar i alle aldrar skal ha nær tilgang til bibliotek, også etter samanslåinga. Historisk sett er det biblioteklova som har sikra bibliotekteneste i distrikta, og det er ei fare for at det vert færre bibliotek når det vert færre kommunar.

Kombinasjonsbibliotek er ei god løysing fordi ein får utnytta ressursane på ein god måte. Elevane ved Stordal skule har eit skulebibliotek i særklasse, der eit engasjert og kompetent bibliotekpersonale er tilgjengeleg 11 timar i veka. Gode leseevne er viktig for all læring, og det er berre ved å lese at ein lærer å lese. Interesse for lesing og leseglede kjem ikkje av seg sjølv. Engasjerte formidlarar er ein viktig faktor.

#### Folkehelsekoordinator

Folkehelsekoordinator i 50% stilling.

- Stordal kommune er med i God helse-partnerskapet med fylkeskommuna.
- Folkehelsekoordinator har delteke på partnerskapsforum og samling for folkehelsekoordinatorar i regi av Fylkeskommuna.
- Drifta er tilpassa etter budsjett, og har dermed lite eigenskap publikumsretta aktivitet og midlar til oppstart eller utbetring av tiltak.
- Folkehelsekoordinator samarbeid med eksterne bidragsytarar i høve økonomi og kompetanse som: Friluftsråd, Fylkesmann/fylkeskommune og lokale organisasjonar.

#### Faste aktivitetar/tiltak:

##### Stikk UT

Dette er i regi av Sunnmøre friluftsråd. Mykje godt arbeid har vore gjort med planlegging, skilting og merking. Frivillige har vore til stor hjelp. Godt tiltak som får mange ut på tur.

##### Naturmøteplassen.

Denne er også i regi av Sunnmøre friluftsråd. Open to timar kvar onsdag i Rystene, drifta med lokale frivillige som vertar. Folkehelsekoordinator er vert 1-2 gongar pr. måned. Tilbodet er tenkt til personar med ledig dagtid som kan møtast over ein kopp bålcaffi, god



prat og ulike aktivitetar. Variabelt framsmøte, men svært godt mottatt av publikum. Naturmøteplassen er eit pilotprosjekt for Sunnmøre friluftsråd og tenkt starta i fleire av medlemskommunane. Det er berre Stordal som hittil har starta.

#### Kulturkafe

Med hjelp av midlar frå «den kulturelle spaserstokken» har det vore arrangert månadleg kulturkafe med underhaldning på Stordalstunet for bebuarar, heimebuande eldre og andre interesserte. Folkehelsekoordinator er ansvarleg for å skaffe kulturformidlar og marnadsføring. Eldrerådet stiller med programleiar og Stordalstunet sel kaffi og kaker. Det er ofte sær sars dyktige utøvarar, både lokale og tilreisande. Eit populært tiltak både for bebuarar og besøkande.

#### I lag

I LAG er eit samarbeid mellom folkehelsekoordinatoren og Stordal og Liabygda pensjonistlag, folkehelsekoordinator planlegg og pensjonistlaget deltek med frivillige hjelparar. Det er månadleg samver på tvers av generasjonar med kultur- og tradisjonsaktivitetar for småskulesteget. Positivt tiltak med god oppslutning, lærdom og glede. Det vart ikkje vidareført hausten 2016, då det var vanskeleg å stille nok frivillige for pensjonistlaget. Det er tenkt starta att, men i mindre format.

#### Eventyrleg vandring

Suksessfull vandring i Grigås natursti der publikum møtte lokale skodespelarar som framførde delar frå Torbjørn Egner si historie om Hakkebakkeskogen. Super framføring av engasjerte og dyktige frivillige aktørar. Det var stor deltaking av publikum tross i ausande regnver.

#### Sporadiske eller sjeldnare aktivitetar/tiltak

Folkehelsekoordinator har blant anna vore involvert i samarbeid innad i organisasjonen:

- Innovasjonscamp i regi av Sunnmøre regionråd for 9. kl. ved Stordal skule. Oppgåva var opprustning av Grigås natursti. Gruppa, som besto av fire 9.klassingar, laga eit flott forslag som vann lokalt og som dei presenterte for fleire på regional samling i Ålesund.
- Samarbeid i kulturteamet, i sær med dagleg leiar i Stordal frivilligsentral då fleire arbeidsområde femnar om det same.
- Samarbeid med Psykisk helsearbeidar.
- Ulike tverrfaglege grupper: evaluering av rusmiddelpolitisk handlingsplan,
- KTA (kommunal tverrfagleg arbeidsgruppe), samarbeid med KoRus (Kompetansesenter rus- Midt-Norge) om Ungdata-undersøking blant ungdomsskuleelevar.

Stordal kommune har fleire særdeles godt fungerande lag og organisasjonar med dyktige medlemmar som arbeider godt med folkehelsa både i eigenregi og i samarbeid med folkehelsekoordinator. Dette er blant anna: Stordal helselag, Mental helse Stordal, Pårørandeforeninga, Stordal turlag og Stordal og Liabygda pensjonistlag Fellesarrangement med ein eller fleire av desse: Verdsdagen for psykisk helse, flyttedagsdans med varm mat på Stordalstunet, julekonsert Stordalstunet, hjartemarsj på Dyrkorn, romjulsarsj, aktivitetar i regi av Barnas kommune.

#### Utfordring

Måla for folkehelsearbeidet finn vi i eige punkt i Samfunnsdelen i kommuneplanen. Arbeidet med å nå desse måla må vere sektorovergripande internt i kommuna og med samhandling med frivillige organisasjonar. Ei stor utfordring i dette arbeidet er å prioritere, eller ha nok, ressursar. Det gjeld både personal, fag og økonomi. Med dokumentet, Oversikt over folkehelsa, har ein grunnlag for vidare planarbeid. Der kan ein kan og finne områder som Stordal skil seg negativt ut statistisk og dermed bør sette inn ekstra tiltak.

God helse-partnerskapet har følgande 6 satningsområder:

-Ernæring, -Fysisk aktivitet, -Psykisk helse, -Rusførebygging, -Tobakksførebygging, -Førebygging av sosiale skilnader i helse.

For å arbeide godt med desse satningsområda har vi same utfordringane som nevnt  
ovanfor, meir samhandling og sektorovergrepande arbeid.



Billedtekst: Aktørane i Hakkebakkeskogen frå Eventyrlig vandring i Grigås natursti



Billedtekst: Frå aktiviteten I LAG, pensjonistar og småskuleborn lagar seljefløyte

## Stordal ungdomsråd

Dagleg leiar av Stordal frivilligsentral er koordinator for Stordal ungdomsråd.

Stordal ungdomsråd har i 2016 hatt følgjande samansetting:

Kine Kvammen Tøsse (Leiar fram til 01.11.16,16-19 år)  
Amalie Ekroll Hove (16-19 år)  
Josefine Dyrkorn Alne (Leiar frå 01.11.16, ungdomssteget)  
Preben Hauglid Tafjord (Ungdomssteget)  
Oskar Vinje Græsno (Nestleiar frå 01.11.16, ungdomssteget)  
Vara:  
Jenny Marita Sørås, Andrea Falch (fast medlem frå 01.11.16),  
Mathias H. Tafjord, Ilyas Tomas Øcalan

Ungdomsrådet sine representantar i styringsgruppa Barnas kommune:

Kine Kvammen Tøsse vara: Amalie Ekroll Hove  
Ilyas Tomas Øcalan vara: Mathias Hauglid Tafjord

Utsending til Ungdommens fylkesting (UFT) i Kristiansund 4. - 6. november 2016 var Josefine Dyrkorn Alne og Mathias Hauglid Tafjord.

Stordal ungdomsråd har hatt 4 møter og handsama 16 saker i 2016. Dette er nesten ei dobling av saker frå året før. På møtet i januar hadde vi besøk av Amalie Jacobsen Dyrkorn og Jarl Anders Hjelle som var utsendingar på UFT i 2015. I april var saka om ungdommens miljøkrav opp til handsaming og dette er noko som vil bli jobba vidare med.

Rådmann Anne Berit Løset hadde ei orientering om planstrategi i perioden 2016-2020 på møtet i november. I desember kom det fram ei sak om kollektivtransport og det vil vidare framover bli jobba med m.a. leikeområdet på skuleområdet.

"Ungdom i Stordal" er namnet på ei lukka facebookgruppe for ungdomen i Stordal, der ein ønskjer innspel, ris og ros til ungdomsrådet. Leiar av ungdomsrådet er administrator av gruppa, saman med koordinator. Sida vert m.a. nytta til å dele informasjon om ungdomsklubb og anna aktuelle saker.

Fond:

I 2011 var det sett av kr 28.000,- på fond.

I 2012 var det sett av kr 37.000,- på fond (overskot av We will rock you).

Ei av utfordringane framover vil vere om koordinator har nok tid og kapasitet til å følgje opp ungdomsrådet med dei ulike vedtaka og oppgåvene dei ønskjer å jobbe med. Tilhøve mellom budsjett og rekneskap 2016 syner at ungdomsrådet har brukt lite av dei budsjetterte midlane. Ein av grunnane til dette er få møter og til dels liten aktivitet. Framover vil kunne endre seg, då ungdomsrådet har planar om å jobbe med fleire ulike saker framover.

Koordinator for Stordal ungdomsråd i 2016: Dagleg leiar av Stordal frivilligsentral, Bjørg Jacobsen.

## **Stordal ungdomsklubb**

Dagleg leiar av Stordal frivilligsentral ha koordineringsansvar for ungdomsklubben.

Styret består av Stordal ungdomsråd, tre foreldrerepresentantar og representant frå Stordal kommune.

Stordal ungdomsklubb skal drive ein open treffstad for ungdom i Stordal kommune. Ungdomsklubben skal utvikle venskap og trivsel hjå ungdomane i eit røyk- og rusfritt miljø. Den skal vere open for all ungdom frå ungdomsskulesteget og opp til 20 år.

Opningstider er onsdagar kl 20:00-22:00, der leiar av frivilligsentralen er vakt, og laurdagar kl 20:00-24:00. Laurdagar er det foreldre til elevar i ungdomsskulen som er vakter. Koordinator sender ut foreldrevaktliste på hausten, før nyttår og før påske. Denne ordninga fungerer bra.

Ungdomsklubben er samlokalisert med frivilligsentralen i Stordal Næringsbygg. Ungdomsklubben har eige kinorom som vert nytta til film og TV-spel. Lokala har permanent scene og trosserigg, lyd- og lysutstyr, samt prosjektor og storskjerm. Andre aktivitetar er m.a. bordtennis, biljard, air-hockey, fotballspel og brettspel. Lokalet inneheld også musikkverkstaden, som vert drifta av ungdomsklubben. Den er nyleg blitt pussa opp, og hausten 2015 vart det kjøpt inn nytt elektrisk piano med midlar frå Frifond. Musikkverkstaden er open i ungdomsklubben sine opningstider, samt at dei som ønskjer å øve elles, kan booke øvingstid og låne nøklar.

Ungdomsklubben leiger ut lokalet til t.d. barnebursdag og selskap for øvrig. Frivilligsentralen låner ut lokala gratis til lag og organisasjonar.

På klubbkveldane er det kiosksal. Om ungdommane ønskjer det, er det høve til å bake kake eller steike vafler på desse kveldane. På hausten og på nyåret vert det arrangert allmøte, der ein legg planar for sesongen.

Etter initiativ frå ungdom, har vi dei siste åra arrangert minikonserter eller karneval til inntekt for Krafttak mot kreft. Inntektene til desse arrangementa har gått uavkorta til aksjonen. Flott initiativ av ungdommane!

17. mai er det tradisjon med kulturkveld i Stordalshallen, der ungdomsklubben m.a. står ansvarleg for programleing og koordinering av dei kulturelle innslaga. Dei hjelper også til med loddsal og har inntekt av inngangsbillettane. Ungdomsskuleelevar og foreldre har ansvar for nedrigging og rydding etter arrangementet.

Dei siste åra har 7. klasse blitt invitert til ungdomsklubben på onsdagar i juni. Dette for at ungdommane skal få sjå korleis vi har det på klubbkveldane, og for at dei skal sleppe å vente heeeeile sommaren på å få lov til å kome på klubben!

Stordalstrøkk som har vore arrangert dei siste åra, vart i 2016 arrangert i april. Dei seinare åra har det vore færre deltakarar på slike arrangement og dessverre var det berre i overkant av 30 deltakarar i 2016.

Ungdomsklubben arrangerte sommardisko i høve Barnas Supersommar og lokala var også nytta til m.a. øvingar til songseminar og teiknetworkshop i samarbeid med biblioteket under Barnas Supersommar.

I desember var det adventskalender på ungdomsklubben dei dagane det var åpent. Ein hadde m.a. juleverkstad, baking, julekos med gløgg og pepperkaker og såg på julefilm. Dette var kjekt i ei elles travel førjulstid og ungdommane som var tilstades kunne sjølv velje om dei ville delta i aktivitetane.

I 2016 har det igjen vore auke av ungdommar på klubbkveldane, med eit gjennomsnitt på 16,5 frammøtte på kvar av opningskveldane. Dette er kjekt å registrere!

Vidare framover er det eit ønske om å få bytta ut varmekjelda på den «gamle» delen av lokalet, frå takovnar til varmpumpe. Dette vil på sikt vere best både for miljøet og

økonomien. Himlingane i taket ser heller ikkje spesielt fine ut, etter at varmen frå takovnane gjer at støvet sett seg fast.

Også her er utfordringa til koordinator at tida ikkje strekk heilt til. Det er mange oppgåver som skal løysast, i tillegg til oppfølging av planar som ungdommane har og det blir ofte mange aktivitetar og tiltak som settast til side eller «heng» i lause lufta.

Tilhøve mellom budsjett og rekneskap 2016 syner at ungdomsklubben driftar godt. Klubben har inntekter av utleige til private og søker om midlar frå ulike støtteordningar til innkjøp av større utstyr.

## Rammeområde 3 Helse og omsorg

Omhandlar følgjande tenesteområde:

- Helse og sosial felles
- Fysioterapi
- Psykiatri
- Tiltak funksjonhemma
- Flyktingar
- Samhandlingsreform
- Helsesøster
- Legetenesta
- NAV Storfjorden
- Sosialtenesta
- Barnevern
- Institusjonstenesta
- Omsorgssenter

Drift	Rekneskap 2016	Budsjett (end)2016	Rekneskap 2015
Utgifter	47 701 011	41 014 920	42 260 161
Inntekter	-16 216 611	-14 738 300	-14 197 295
Netto driftsutgifter	31 484 400	26 276 620	28 062 866

Driftsrekneskapen for rammeområde 3 Helse og omsorg syner eit meirforbruk på kr 5 207 780,- i høve korrigert driftsbudsjett.

Ansvarsområde som Tiltak funksjonhemma, Institusjonstenesta samt Bustad for yngre tenestemottakarar har store meirforbruk.

## Omsorgstenesta

### Drifts- og tenesteåret 2016 – hendingar og utfordringar

#### Organisatoriske hendingar og utfordringar

På institusjonen Stordalstunet har pleietyngda utover i 2015 og vidare i 2016 vore aukande. Fleire brukarar har behov for meir oppfølging i forhold til ivaretaking av eiga helse, pleie, ernæring, tilsyn, aktivitet og mestring i kvardagen. Med behovstilpassa driftsnivå har det ført til auka bemanning, først på dagtid i 2015 og vidare også på kveldstid i 2016.

Grunna mangel på nattpatrolje har brukargruppa i heimetenesta avgrensa pleietyngde, dei må i stor grad mestre å ta ansvar for eiga helse. Utfordringa er brukarar av tenesta som treng tett oppfølging og som ikkje ønskjer å flytte til Stordalstunet. Det gjeld spesielt yngre brukarar med alvorleg sjukdom, ei lita men særskilt viktig gruppe. Besta måten å møte denne brukargruppe på i framtida er via styrking av heimetenesta ved å etablere ei nattpatrolje.

Habiliteringstenesta eller tiltak funksjonshemma som er retta mot barn og vaksne blei betrakteleg styrka frå og med sommaren 2015. I 2016 har tenesteomfanget vore stabil gjennom heile driftsåret, men det er venta at den må styrkast ytterligare i åra framover. Barna som er brukarar av tenesta blir eldre og vil ha rettmessig krav på tettare oppfølging frå kommunen.

Frå og med januar 2016 blei det tilsett kommunefysioterapeut i 50 % stilling. I tillegg til behandling- og treningsstiltak opp mot bebuarar på Stordalstunet inngår førebyggjande arbeid og hjelpemiddelhandtering til innbyggjarar i heile kommunen i oppgåvene til terapeuten. Det er ikkje tilsett ergoterapeut i kommunen.

Støttefunksjonar innan omsorgstenesta med eiga institusjonskjøkken, heimehjelp, reinhalds- og vaskerifunksjon er vel fungerande ordningar. Brukarmedverknad praktiserast ved at den einskilde tenestemottakar tek del i korleis vedkommande ønskjer si teneste utforma.

#### Aktiv omsorg

I 2016 har det vore drevet aktiv omsorg i stor skala, både opp mot bebuarar på Stordalstunet, bebuarar i omsorgsbustad og andre eldre. Dette i samarbeid med pårørandeforeninga, frivillige organisasjonar i bygda og kultursektoren i kommunen. Faste aktivitetar har i tillegg til trimgruppe i regi av fysioterapeuten vore lesestund på tysdagar, aktivitetsgruppe på onsdagar og open kafé på torsdagar med kulturelle innslag eller andakt. Den ny-opna Sansehagen frå i fjor (2015) blei brukt til tilstellingar som konsert, grilling, turgåing og sosialt samvær sommaren 2016. Nytt turelement var ei rickshawsykel plassert på Stordalstunet. Det er helselaget som har stått i spissen for finansiering og innkjøp. Det blei ei ny og positiv oppleving for bebuarar på Stordalstunet med sykkeltur til sentrum.

Utfordringar for tenesteyting 2017, og økonomiplanperioden 2017-2020 -utviklingstrekk framover

#### Seniorsenter/ dagtilbod

Dagtilbod er ei teneste som i omsorgsplan 2020 vert pålagt kommunane opp mot heimebuande eldre med demens sjukdom. Alt nå erfarer omsorgstenesta at det er behov for slikt tilbod då mange eldre opplever lite stimulering i kvardagen og/ eller einsamheit. I 2016 blei sokkeletasjen på Stordalstunet total renoverert med mål om å få etablert eit seniorsenter i lokalitetane der. For å få slikt senter opp å gå trengs det midlar til inventar, utstyr og drift. Val av driftsform og målgruppe må også stå i samsvar med tilgjengelege ressursar, både dei økonomiske rammer samt tal og type personell.

#### Omsorgsplan 2020

I tillegg til aktiv omsorg og dagtilbod er overordna tema i omsorgsplan 2020 brukarmedverknad, førebygging, mestring, lindrande behandling og velferdsteknologi. Tenesta må rette fokus på korleis jobbe saman med pårørande, frivillige lag og organisasjonar og på korleis tenestedesigna skal vere for å få implementert metodikken kvardagsrehabilitering og velferdsteknologiske løysingar i drifta. Dette i tillegg til fokus på korleis bli betre rusta til å møte brukarar som treng lindrande omsorg i eiga heim. Med alle desse utfordringar blir det viktig med god strategi på framtidig organisering.

Eventuelle aktuelle tiltak for å møte utfordringane i 2017 og vidare framover innan ansvarsområdet.

Øyeblikkeleg hjelp døgntilbod - ØHD.

Akutt ØHD-tilbod blei eit lovkrav til alle kommunar frå 1. januar 2016. Definert mål var yting av enklare akutte tenestar nærare der pasientane bur og på lavast mogleg nivå. Stordal kommune har inngått avtale med Ålesund kommune om deltaking i ein interkommunal ØHD-eining lokalisert i gamle Åse Sjukeheim. Oppstart av drift er utsett til 2017. ØHD skal bli eit tilbod for utgreiing av akutt innsettande sjukdom og tilpassa initierande behandling. Oppfølging av vidare behandling/intervensjon må vi være budd på skal skjje lokalt i Stordal, ergo kan vi vente å få fleire sjuke og behandlingstrengande pasientar innan omsorgstenesta i framtida.

#### Rekruttering av fagpersonale

Det er tilsett mange dyktige medarbeidarar i omsorgstenesta med helsefagleg utdanning. Ingen ufaglærte assistentar inngår i turnusplanen utanom helg. Utfordringa er likevel som tidligare år, å rekruttere tilstrekkelig personell med sjukepleieutdanning. Som ledd i alle dei fagspesifikke og tekniske oppgåver som omsorgstenesta må handtere, grunna samhandlingsreforma og ØHD tiltaket, er det lite optimalt med sjukepleiar i bakvakt. Målet er å ha sjukepleiar i aktiv vakt til alle døgnets timer, året rundt. I tillegg er og blir tett samarbeid mellom institusjonstenesta, heimetenesta og butenesta viktig for å sikre sjukepleiefagleg kompetanse innan alle desse tenesteområder.

#### Velferdsteknologi

Velferdsteknologi er på vei inn i omsorgstenesta og er forventa å bli utvikla og satsa stort på i framtida. Dette med mål om at eldre kan bu lenger i eiga heim enn tilfellet er i dag. Stordal kommune har pr. dato tryggleiksalarm som sitt teknologiske tiltak. Det er kjent at fasttelefon er i ferd med å bli fasa ut. Oppgradering av eksisterande utstyr vil difor tvinge seg fram. Det føregår eit utgreiingsarbeid om interkommunal responsentral knytt til den ØHD eininga. I tillegg til tryggleikssalarm er andre produkt som springsteknologi, diverse former for sensorar, spillteknologi løysingar som omsorgstenesta må ta i bruk på sikt. Dette for å sikre bærekraftige tiltak og tenesteyting i framtida når det blir fleire eldre og færre hender.

Kommentarar om tilhøvet mellom budsjett og rekneskap 2016.

	Rekneskap	Budsjett
Ansvar 3700 Stordalstunet	11.088.557	9.975.700
Ansvar 3706 Heimetenesta	3.468.572	2.820.900
Ansvar 3006 Habilitering/ funksjonshemma	2.495.272	1.600.000
Ansvar 3004 Fysioterapi/ rehabilitering	851.808	700.000
Ansvar 3704 Institusjonsskjøkken	1.381.507	1.339.800
Ansvar 3705 Reinhald	575.382	563.600
Sum ansvarsgruppa 2016	19.861.098	17.000.000

Resultatet frå drifta i 2016 viser et overforbruk samanlikna med budsjettet. Årsaker til dette er mellom anna kompleksiteten og krava til forsvarleg tenesteytinga, styrka personalressursar, tilsetjing av fysioterapeut og vikarbruk grunna fleire langtidssjukemeldingar blant personalet. Med identisk budsjett i 2016 som i rekneskap for 2015 utgjør den generelle lønns- og prisauken i samfunnet også ein faktor i budsjettoverskridinga.



## Legeteneste, jordmorteneste, helsestasjon og psykisk helseteneste

### Legetenesta

Driften har løpt som forventet.

### Jordmortenesta

Vi kjøper jordmorteneste frå Ørskog kommune. Utgiftene til dette er forutsigbare og stabile, og det er ingen driftsmessige utfordringar slik ordninga er no.

### Helsestasjon

Driften har løpt som forventet.

### Psykisk helsetjeneste

Det har vært sykdom i perioder av året uten at dette har blitt dekket av vikar, noe som har gitt mindre utgifter. Psykisk helsearbeider gikk ut i fødselspermisjon i slutten av april og vi har ikke klart å skaffe vikar. Dette har ført til overskudd i budsjettet. Det har ikke vært behov for kjøp av tjenester i perioden.

### Oppsummerande vurdering

Driftsmessig er det ikkje venta store endringar i løpet av 2017.

Det totale budsjettet for helse i 2016 var 3 900 000 kr. Rekneskapen viser eit forbruk på 3 359 134 kr. Dette gir eit overskot på 540 866 kr.

Det er venta at budsjett for 2017 kan haldast innanfor gitte rammer. Psykisk helsearbeider er i permisjon utan at det er ansatt noen i den aktuelle perioden. Det er usikkerhet knyttet til denne posten i forhold til om det må kjøpes tjenester frå andre kommuner i den aktuelle perioden. Hun er ventet tilbake i mai. Helsesøster har sagt opp sin stilling, det er derfor redusert kapasitet på helsestasjonen i februar og mars. Ny helsesøster starter 01.04.17.

Utfordringer for øvrig er som nevnt ved tidligere årsmeldinger:

- Hvordan skal nødnett kostnadene fordeles innen kommunen?
- De lovpålagte tjenesten krev stadig meir. Vi kjøper mange tjenester fra andre kommuner og kostnadene øker utan at vi har mulighet til å drifte tjenestene sjølv (eks legevakt)
- Behov for heistil helsestasjon, viser til tidligere årsmeldinger
- Lydisolering av pauserom or å kunne bruke det som møterom, viser til tidligere årsmeldinger.

## Rammeområde 6 TSSN – Etat for tekniske tenester, plan og utvikling

Drifts- og tenesteåret 2016

Omhandler følgende tenesteområde:

- Teknisk administrasjon
- Teknisk drift
- Vassforsyning Stordal
- Vassforsyning Norddal
- Avløp Stordal
- Avløp Norddal
- Miljøstasjon Vinjesanden
- Renovasjon hushald
- Renovasjon hytter/fritid
- Slamtømming
- Brannvern
- Feiing
- Stordal kai
- Kommunale vegar
- Park-/almenningsområdet
- Kart, oppmåling

Drift	Rekneskap 2016	Budsjett (end)2016	Rekneskap 2015
Utgifter	19 148 711	19 809 064	18 964 269
Inntekter	- 14 022 828	-14 546 884	-14 857 378
Netto driftsutgifter	5 125 883	5 125 880	4 106 890

Driftsrekneskapen for rammeområde 6 TSSN Etat for tekniske tenester, plan og utvikling syner balanse i høve til korrigert budsjett.

TSSN – teknisk samarbeid mellom Stordal og Norddal kommune vart etablert frå 01.01.2011 og har seinare vorte formalisert gjennom permanente avtalar mellom kommunane.

For Stordal har ein desse ansvarsområda:

- Plan (kommuneplan og regulering)
- Byggesaker
- Oppmåling (matrikkelsaker, målegrunnlag og kartverk)
- Grunnerverv
- Brann (brannberedskap, feiing og oljevern)
- Slamtømming
- Renovasjonstenester i samarbeid med Årim
- Kommunale vegar (inkl. brøyting, strøing, bruer, gatelys og ferister)
- Offentlege plassar og grøntområde
- Vatn og avløp (renseanlegg, pumpestasjonar og ledningsnett)
- Drift/vedlikehald kommunale bygningar
- Kaianlegg

I tillegg har avdelinga oppgåver knytt til planlegging og gjennomføring av fleire investeringsprosjekt.

#### Årsomtale 2016:

Felles stilling som planleggar i TSSN har vore vakant i perioden 1.jan – 15.sept, og stilling som leiar for TSSN har pga permisjon vore vakant 15.sept – d.d. Dette har påverka avdelinga sin kapasitet, både i høve dagleg drift og prosjektgjennomføring. Det har og vore uheldig at ein i perioden ikkje ha hatt felles leiar for Stordal/Norrdal.

I tillegg til ordinær drift, vil ein for 2016 særleg nemne desse arbeidsområda:

- Ventilasjon kommunehuset
- Dagsenter ved Stordalstunet
- Arbeid med grunnerverv og planar for utbygging Grigåsørøbbane
- Planlegging knytt til barnehage
- Nytt dekke for ballbingen ved skulen
- Digitalisering av analoge reguleringsplanar
- Etablering av parkeringsanlegg Overøye

- Anbod/nye kontrakter for vintervedlikehald for perioden 2016-2020
- Planlegging knytt til slamavskiljar avløp Stordal + Dyrkorn
- Tilknytning av hytteområder til vatn og avløp Nørddalen
- Innføring av felles teknisk vakt med Norddal
- Ferdigstilling av turveg Overøye – Almås

#### Utfordringar for TSSN i 2017:

Etter fleire år med samarbeid, arbeider ein fortsatt mykje etter to «system» grunna to kommunar med ulik oppbygning og struktur.

I samband med vedteken kommunesamanslåing mellom Norddal og Stordal, bør ein no byggje vidare på opparbeidd erfaring med samarbeidet. Det må no leggast større vekt på å dra nytte av dei samdriftsfordelane som er til stades. Nevner særleg då utvikling av sams planverk, reningslinjer, saksmalar, gebyrregulativ, datasystem og organisering etc.

Driftspersonale er i stor grad halde utanfor samarbeidet. Medan TSSN omfattar heile den administrative delen for tekniske tenester i Stordal, blir TSSN i Norddal ein «etat i etaten». Mogeleg kan meir her bli likt.

#### Andre prioriterte oppgåver i 2017:

- Byggestart barnehage
- Byggestart Grigåsørbbane
- Utbetring av veg «Alleen» på Dyrkorn
- Bygging slamavskiljar Dyrkorn og Stordal
- Driftsovervåking pumpestasjonar Stordal
- Renovasjonsskur Stordalstunet
- Planlegging Brannstasjon
- Nye leidningsanlegg vatn og avløp Overøye
- Utbetringar vassverk Stordal
- Nye anbod for rammeavtalar anleggsmaskiner
- Innføring av felles brannvakt med Norddal
- Arealplan Nørddalen

Etat for tekniske tenester-, plan- og utvikling omfattar desse stillingane:

Stillingsstorleik	Tilsettingstilhøve	Type stilling
-------------------	--------------------	---------------

50%	Fast	Senioringeniør
100%	Vakant	Overingeniør/leiar TSSN
100 %	Fast	Ingeniør
100 %	Fast	Ingeniør
100 %	Fast	Vaktmeister/arbeidsleiar
60 %	Fast	Utearbeidar ( inkl. ÅRIMteneste )
100 %	Fast	Utearbeidar
40 %	Fast	Vaktmeister
100 %	Fast	Vaktmeister
100 %	Fast	Driftsoperatør vatn/avløp
16 x 2,05 %	Fast	Brannkonstablar

## Rammeområde 9 – Finansinntekter/finansutgifter

### Omhandlar

- Pensjon
- Betalingsformidling
- Renter på innlån og utlån
- Finansplassering
- Avdrag på lån
- Avskrivningar
- Skatt på inntekt og formue
- Rammetilskot
- Andre tilskot
- Disposisjonsfond (drift)
- Bruk av bundne fond
- Overføring til investeringsrekneskap (eigenkapitalinnskot KLP)
- Tidlegare års driftsresultat (disponering av mindreforbruk/inndekking av meirforbruk)
- Årets rekneskapsmessig meir-/mindreforbruk

Stordal kommune fekk i 2016 kr 76,5 mill. i skatt og rammetilskot gjennom inntektssystemet. Dette var 1,1 mill. meir enn budsjettet.

Skatteinngangen i 2016 synte ei auke på kr 1,8 mill. i høve til 2015.

	Rekneskap 2016	Budsjett (end) 2016	Rekneskap 2015
Rammetilskot	56 194 265	54 468 000	55 835 344
Skatt	20 380 370	20 964 000	18 571 044
Avdrag på innlån	4 832 515	5 200 000	5 088 175
Renter på innlån	2 683 551	2 464 800	1 805 403
Avskrivningar	5 523 786	5 700 000	5 861 405
Renteinntekt på bankinnskot	437 727	500 000	734 530
Finansforvaltning	627 089	0	-231 455
Bruk av disposisjonsfond	450 000	950 000	1 940 000

## Vedlegg

### Vedlikehald bygningar - enkel tilstandsvurdering av bygningsmasse

**Radonmålingar** Det er gjennomført pålagt radonmåling i kommunale bygg. Oppfølgingsarbeid vil strekke seg langt inn i 2016, med etablering av ventilasjonsanlegg på kommunehuset.

**Stordalstunet** har no ein god standard etter tilbygg og rehabilitering av eksisterande bygningsmasse i 2005/2006. Planlegging av dagsenter i sokkeletasjen (tidlegare helsestasjon) har pågått i 2015 og anbod/ombygging vil skje i 2016. Nødstraumaggregat på Stordalstunet vart montert og sett i drift hausten 2013. Etablering av sansehage i 2014 og vårparten 2015 vart det lagt ned ein stor eigeninnsats av vaktmeistrane i samband med ferdigstilling av sansehagen.

**Stordalshallen** var ny i 1997. Styret i Stordalshallen har ansvaret for indre vedlikehald mens Stordal kommune har ansvaret for ytre vedlikehald av bygningsmasse. Utvendig var hallen beisa i 2006 og 2014. Tilbygg til Stordalshallen i sør var ferdig i november 2014. Det vart i mai 2015 asfaltert, sett kantstein og tilsådd skråningar ved parkering tilbygg Stordalshallen. Golvet i hallen vart lakka i 2015.

**Stordal skule** Nybygget vart teke i bruk hausten 2012 og fungerer godt. Gamal del har byggeår 1956 med tilbygg 1962. Bygningsmasse har hatt eit rimeleg bra vedlikehald, og standarden er rimeleg bra. Behov for utvendig maling. Også ein del råteskadar på vindauge, kledning og listverk. Mykje vart utskifta og måla også på den eldste delen i samband med nybygget i 2012. Ut frå alderen –delar av bygningsmasse er over 50 år- er kravet til oppdatering/tilpassing av bygningsmasse til dagens krav til skule/undervisning vanskeleg å gjennomføre. Ein del malingsarbeid vart utført sommaren 2013.

**Omsorgsbustadar** omfattar 4 bueiningar på gnr.129 –Busengdal (tatt i bruk i 1997) og 6 bueiningar på gnr.128 –Vinje (tatt i bruk i 2000). Bygningane (5 stk) vart beisa i 2007, 2 beisa igjen i 2015. Rimeleg bra standard både inne og ute. 10 varmpumper (luft-luft) vart montert i januar 2011.

#### Omsorgsenter

4 nye einingar i eitt bygg vart sett opp i løpet av 2012 og teke i bruk i mars 2013. Første kommunale bygg som er delvis sprinkla. Bygget vart knytt til naudstraumsaggregatet ved Stordalstunet hausten 2014.

**Kommunehuset** (Byggeår 1958) Utskifting av alle vindauge er no gjennomført, dei siste vart utskifta i 2007. Alle vindauga har no ein bra standard. Bygninga har ein rimeleg god standard utvendig, men manglar ventilasjonsanlegg, som er viktig ut frå arbeidsmiljø for publikum og tilsette. Bygninga har heller ikkje isolasjonsevne av den kvalitet ein forventar i 2015. Nytt tilbygg og mykje oppussing i 2009.

I 2012 fekk ein på plass heis som har bedra tilkomsten mykje.

**Andershaugen barnehage** (Byggeår 1984) Brakker kjøpt av Tafjord kraft frå anlegg i Tafjord, var starten til barnehagen på Andershaugen. Tilbygg og ombygging i 1990 utgjer i dag hovudbygninga i barnehagen. Seinare vart bustadhus frå 1975 tillagt barnehagen. Utvendig har bygningsmassa ein rimeleg god standard, alle bygningar vart beisa i 2007. Gjerde kring bygninga vart reparert. Innvendig har bygningsmassa relativt stor slitasje. I 2008 starta oppussinga av hovudbygninga innvendig. Vestfløya(Tommeliten) er no ferdig oppussa med unntak av kjøkkendelen. Askeladden oppussa i 2009. Ekstra lager og eit grupperom bygt i 2009.

**Kailager** (Byggeår 1984) Mangel på vedlikehald utvendig. Korrosjonsskade på veggkledning. Dårlege portar. Eit større vedlikehald må gjennomførast dersom bygninga fortsatt skal stå. Det vart gjennomført takst på bygninga i 2015.

**Lager Vinjesanden** (Byggeår 1998) Rimeleg god standard.

**Brannstasjon m/leilegheit 2. etg.** (Byggeår 1955) Leilegheita fekk ei hovudoppussing i 2008 og på nytt utbetring/oppussing vinteren 2015. Brannstasjon ligg på lite eigna stad med tanke på oppskylling etter ras i Åkneset. Den må byggast ny på annan stad slik at ein får inn begge bilane og elles vere oppdatert i høve til garderobetilhøve for mannskapet.

#### **Ballbingar**

Oppført ny ballbinge på Dyrkorn i 2015.